



BKK NETT AS
Jordal Ingvard

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7537 - 14/27279

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2014

Svar på førelegging av tiltak - gbnr 233/1 Eide indre - koplingsstasjon

Vi viser til førelegging motteken 18.11.2014.

Tiltaket kjem inn under tiltak unnateke frå søknad etter SAK § 4-3 første ledd bokstav a, jf rettleiar HO-1/2006 *elektriske anlegg og kraftledninger*.

Frå førelegginga:

Anleggstype og plassering av tiltaket:

Ny koblingsstasjon med tilhørende kabelanlegg i 22kv distribusjonsnettet til erstatning for eksisterende utdatert stasjon. Plasserast på Gnr./B.nr. 233/1 i Lindås kommune ved FV 394

Nærare forklaring om anlegget:

Anleggsnamn: «**NS 10110 Eidetræ koblingsstasjon**»

Eksisterende 22kv linjenett og koblingsstasjon er gammalt og modent for utskifting. Fornyng av linjenettet er eige prosjekt. Dette prosjektet handlar om ny koblingsstasjon med tilhørende kabelanlegg for å kobla seg på linjenettet. Sjølve bygget er ein standard prefabrikkert nettstasjon.

Tilhøve til eksisterande arealplanar:

Anlegget er plassert i LNF området innanfor allereie bandlagt området. Ut frå våre vurderingar er tiltakets plassering om omfang av ein slik art at det ikkje er behov for å dispensasjonsbehandla søknaden.

Dersom tiltaket likevel blir behandla som dispensasjonssak ønskjer me tilbakemelding på det så snart som mulig. Forelegginga blir då å betrakte som dispensasjon frå plangrunnlaget

Uttale frå andre myndigheiter:

Statens vegvesen har gjeve dispensasjon frå byggjegrænse langs vegen. Søknad om graveløyve blir sendt samstundes med forelegginga.

Vurdering

Tiltaket, som er ei oppgradering av eksisterande anlegg, er plassert innafor eit areal som i dag i stor grad er bandlagt av elektriske anlegg. Vi konkluderer med at tiltaket er av ein slik karakter at denne saka ikkje treng handsamast som dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen.

Lindås kommune har ingen merknad til førelegginga

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.